




Innkalling Hallingdal Ungdomsråd (HUR)

Tid: Mandag 07. februar 2022, kl. 16.00 - 18.30

Sted: Gol kommunehus, kommunestyresalen

Nr	Navn	Rolle	Tilstede
1	Arletta Cichon	Gol	
2	Marita Maurangsnes Johansen	Gol	x
3	Elida Wiken Wilson	Hemsedal	x
4	Kirubel Asghedom Assefaw	Hemsedal	
5	Amalie Solheim	Hol	x
6	Oddbjørn Kvile Gauteplass	Hol, leder	x
7	Stein Erik Holto Roen	Ål	x
8	Emil Sehl Mørch	Ål	x
9	Bjørn – Egil Tørrisen	Nes, nestleder	x
10	Ingeborg Sagabråten	Nes	x
11	Nathalie Adriana Haugen Edvardsen	Flå	X
12	Trym Vivelid Nilssen	Flå	
13	Linda Dalene Bjerke	Regionrådet for Hallingdal	x
14	Merete Høntorp Gandrud	Ordfører Flå	x
16	Kirsti Bjørkmo Guttelvik	Sekretær Flå Ungdomsråd	



Saker:

Sak 01/22 Bu- og bilyst i Hallingdal

Det vart informert om vedtak på Hallingtinget i strategisk plan for Hallingdal og vedtak i Regionråd om oppstart av bu- og bilyst i Hallingdal. Dette er viktig for ungdommen og HUR ynskjer å bli involvert i vidare arbeid. Innspel på kva som er viktig for ungdommen blir sendt arbeidsgruppa i Bu- og bilyst Hallingdal.

Sak 02/22 Hallingdal Folkehelse konferanse.

HUR fekk orientering om konferansen og hadde dialog om korleis HUR eventuelt kan involverast. HUR ynskjer dialog og å bli involvert i vidare arbeid med konferansen.

Sak 03/22 Ung Invest AIB og folkehelseprosjekt. Orientering v/ Trine Olsvik Løken

[Ung Invest AIB](#) hadde ei inspirerende og god orientering om kva Ung Invest AIB er, korleis dei arbeider og styrkebasert tenkesett. I tillegg vart det invitert til kurs i styrkebasert tenkesett 24. og 25. mars 2022 på Pers Hotell på Gol. Sjå vedlegg.

UngInvest er eit tilbod for dei som for ei periode har behov for ein anna veg gjennom vidaregåande opplæring. Ung Invest er eit fylkeskommunalt tilbud på nivå med vidaregåande skule for ungdom i alderen 16-24 år.

Styrkebasert tenkesett er ein relasjonell tilnærming til lærings- og endringsarbeid, med vekt på å ta i bruk kvar enkelt sine styrker. Læringsglede, stoltheit og nysgjerrigheit blir utløst. Dette bidrar til å skape resultater utover det forventa. Det utviklast relasjonell ansvarlighet, der ein saman tar ansvar for å skape eit inkluderande læringsfellesskap. Meir om Ung Invest AIB: [UngInvest - AIB \(viken.no\)](http://UngInvest-AIB(viken.no))

Sak 04/22 Hallingdalskonferansen. Dialog om involvering av ungdommen.


HUR fekk orientering om konferansen og det vart diskutert korleis HUR kan gje sitt bidrag til konferansen. Det kan være aktuelt å få meir informasjon av arrangørane i neste møte og ein tettare dialog.

Sak 05/22 Dialektbruk

Det var diskutert kva HUR kan gjera for å setta fokus på dialektbruk. HUR ynskjer å få ei stemme i saka til Regionrådet. HUR ynskjer også å setta fokus på dialektbuk gjennom sosiale medier.

Sak 06/22 Lage plan for aktiviteter 2022 som kan bidra til engasjement blant ungdom og profilering av HUR.

- legge ut arrangement, kino, ting som angår ungdommen på sosiale medier.



- involverast i konferansar med tema som angår ungdommen i Hallingdal

Orientering

- **Liten ball Idrettsdagane**

Kvart år arrangerast det idrettsdag for ungdomsskulene i Hallingdal. Jenter og gutar blir delt opp på forskjellige aktivitetar. Gutane får liten ball mens jentene får slengball. HUR ynskjer likestilling mellom kjønna.

Koordinator for HUR har tatt kontakt med skulene og dei er opne for å endre dette.

- **Genserar**

Genserar til HUR er straks klare og vil bli utdelt på neste møte.

- **Brakar fleks Gol sentrum**

Brakar Fleks er ei bestillingsteneste som inngår i den ordinære kollektivtrafikken, og som fungerer slik at passasjerer sjølv bestiller tur når dei ynskjer å reise.

Bestillingstenesta er tilgjengeleg på kvadagar frå 9:30-13:00 og frå 15:30-20:00.

Brakar ynskjer at fleire skal prøve tenesta, og tilbyr no gratis reise for passasjerar frå 31. januar til 13. februar.

Målet med prosjektet er å gjera kollektivtransporten betre tilpassa passasjeranes behov. Prosjektet er finansiert av Viken fylkeskommune, og blir gjennomført av Brakar i samarbeid med Gol kommune og Vy.

Torpomoen 11.02.22

For leder i HUR

Linda Dalene Bjerke

Sekretær

